



2024-2025

Nordbygdo ungdomsskule



Den opne og aktive skulen



Innhold

Velkomen til eit nytt skuleår!	4
Tilsette skuleåret 2024-2025.	5
Telefonnummer til skulen	6
Inndeling av skuledagen	7
Heimesida	7
Elevtal	7
Sosialrådgjevingstenesta	7
Utdanningsrådgjeving - utdanningsval.....	7
Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule	8
Skuleområdet.....	9
Viktige presiseringar	9
VISMA – fråværsregistrering og kommunikasjonssystem.....	10
Læringsplattform	10
Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2024-2025.....	11
Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule	12
Utekontakten og ungdomskontakten på Stord.....	13
Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule	14
Avtale om bruk av datamaskin i Stordskulen.....	14
Reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune – fram til nye skuleregular vert vedtekne i kommunestyret hausten 2024.....	16
Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule.....	20
Gratisprinsippet i grunnskulen	21
Forsikring og erstatningsansvar	22
Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid	23
Bruk av bilet.....	23
Svarslepp Nordbygdo ungdomsskule 2024 -2025.....	25

Kjære elevar og føresette!

Velkomen til eit nytt skuleår!

Ein sommar går fort og no står me her klare for eit nytt skuleår, og som alltid gleder me oss til at skulebygget skal fyllast opp med forventingsfulle ungdomar.

Nytt skuleår, nye sjansar og mogleikar til å gjera endringar. Me gjort nokre endringar i strukturen på skulen. Me har fått tre avdelingsleiarar i staden for ein assisterande rektor og trinnleiarar.

Ein annan endring me har gjort er å laga ei ny inndeling på skuledagen. I staden for tre lange økter og to pausar, har me no ei lang økt og fire kortare økter med pausar i mellom. Me er spente på korleis dette vil bli i praksis og me ynskjer å ha elevar og føresette med i evalueringa ved juletider.

Mobilfri skule er også ei endring. Frå at elevane kunne bruka mobilen utanfor skulebygget og hadde den i eige skap, må dei no legga den frå seg i eit mobilskap på morgonen og får den att på slutten av dagen. Me trur – og håpar, at elevane oppdagar at det kan vera nokså behageleg å få vera utilgjengelege og mobilfrie nokre timer. Me håpar de føresette støttar oss i dette.

På Nordbygd ungdomsskule har me trinnorganisering. Det betyr at me har fokus på heile trinnet og me eig elevane i lag. Alle lærarane som underviser på trinnet har eit felles ansvar for å legga til rette for god undervisning for alle elevane. Det vil vera 5-6 kontaktlærarar på kvart trinn. Det er kontaktlærarar som har ansvar for samarbeid med heimen. Det er denne de skal ta kontakt med dersom de har spørsmål, både fagleg og sosialt. Me oppmodar om å ha låg terskel for å ta kontakt.

Me på Nordbygd er så heldige at me er ein MOT-skule dette skuleåret òg. MOT handlar om å gjera ungdomane robuste, og få ungdomane til å løfta blikket og sjå dei rundt seg. MOT handlar også om å få ungdomane til å ta gode val. MOT-programmet gir ungdomane, og me vaksne, eit språk der me enkelt kan forklara korleis me har det, korleis andre har det og korleis me skal vera saman.

Sjølv om det er mykje nytt, så ynskjer me å halda fram med å bygga vidare på den gode Nordbygdkulturen. Den skal kjennast att ved:

- At me gjere kjekke og sosiale ting i lag.
- At me gjere kvarandre gode.
- At me vil kvarandre vel.
- At me har gjensidige forventningar om å gjera vårt beste på skulen.

Me skal også halda fram med det som har blitt gode tradisjonar her hos oss, mellom anna lunsjkonserter, aktivitetsdagar, skitur på 9.trinn, teatertur og show på 10.trinn. Det er godt å ha noko sosialt og kjekt å sjå fram i mot.

Det er alltid ekstra stas å treffa dei nye elevane som skal ta til på 8-steget. Eg håpar dei alle har positive forventningar til å byrja på Nordbygd. Lærarar og elevar frå dei andre trinna skal gjera sitt beste for at nye elevar skal trivast og kjenna seg velkomne frå første dag.

Vel møtt, alle sammen!

Beste helsing

Anneli Stokke Mæhle, rektor.

Tilsette skuleåret 2024-2025

8.trinn	E-post	Mobil	
Birte Kaldråstøy	Birte.Kaldrastoyl@stord.kommune.no	40 21 25 69	Avdelingsleiar 8.trinn, faglærar 8.trinn
Sigrunn Ljosland	Sigrunn.ljosland@stord.kommune.no	90 73 26 96	Kontaktlærar 8.trinn
Karen Kaurin	Karen.kaurin@stord.kommune.no	40 22 45 85	Kontaktlærar 8.trinn
Sindre Eide	Sindre.forland.eide@stord.kommune.no	48 26 85 04	Kontaktlærar 8.trinn
Andreas Waldal	andreas.waldal@stord.kommune.no	91 14 68 33	Kontaktlærar 8.trinn
Jorunn G. Whittaker	Jorunn.gravem.whittaker@stord.kommune.no	47 67 40 68	Kontaktlærar 8.trinn
Nina Danmo	Nina.Danmo@stord.kommune.no	99 25 93 93	Kontaktlærar 8.trinn
Kjersti Kolstø	kjersti.kolsto@stord.kommune.no	91 15 42 89	Faglærar 8.trinn
Raven van Den Wyngaert	raven.van.den.wyngaert@stord.kommune.no	92 95 52 92	Faglærar 8.trinn
Karoline Espe Klippen	karoline.espe.klippen@stord.kommune.no	47 39 69 90	Faglærar 8. og 10.trinn
Margrete L. Skorpen	Margrete.lund.skorpen@stord.kommune.no	95 08 37 74	Faglærar 8. og 10.trinn
Torunn Enes	Torunn.enes@stord.kommune.no	48 13 78 21	Tysklærar alle trinn. Faglærar 8.og10.trinn
Andrea Brandsdal	Andrea.brandsdal@stord.kommune.no		Fagarbeidar 8.trinn
June Hystad	June.hystad@stord.kommune.no		Assistent 8.trinn
Reidun Leknesund	Reidun.leknesund@stord.kommune.no		Assistent 8.trinn
Siw Sande	Siw.erna.sande@stord.kommune.no		Bibliotek

9.trinn	E-post	Mobil	
Maren Ulgenes Bore	maren.ulgenes.bore@stord.kommune.no	48 99 50 01	Avdelingsleiar 9.trinn Faglærar 9.trinn
Linda Karin Nylund	Linda.karin.nylund@stord.kommune.no	95 28 10 16	Kontaktlærar 9.trinn.
Johannes E. Granås	johannes.engen.granas@stord.kommune.no	41 63 89 47	Kontaktlærar 9.trinn
Olve Engelsen	olve.engelsen@stord.kommune.no	97 46 29 00	Kontaktlærar 9.trinn
Lilly Anne Litlabø	lilly.anne.litlaboe@stord.kommune.no	41 22 31 69	Kontaktlærar 9.trinn
Kristin Hjortland Nilsen	Kristin.Hjortland.Nilsen@stord.kommune.no	47 62 58 70	Kontaktlærar 9.trinn
Inger Berit Hagen	Inger.Berit.Hagen@stord.kommune.no	95 70 59 16	Kontaktlærar 9.trinn Elevrådslærar
Jens Lønning	jens.lonning@stord.kommune.no	41 08 03 83	Faglærar 8.og 10.trinn
Anne Beth Østensen	anne.beth.ostensen@stord.kommune.no	40 48 15 15	Faglærar 9.trinn
Nan Amalie Videng	nan.amalie.videng@stord.kommune.no	45 29 01 42	Faglærar 8. og 9.trinn
Maria Hernandez	maria.hernandez@stord.kommune.no	41 56 62 69	Spanskårar alle trinn. Faglærar 9.trinn
Marianne Christensen Føyen	marianne.foyen@stord.kommune.no	91 76 61 09	Kontormedarbeidar, fagarbeidar

10.trinn	E-post	Mobil	
Joar Ness Valvatna	Joar.Ness.Valvatna@stord.kommune.no	95 72 74 08	Avdelingsleiar 10.trinn Ass.rektor Utdanningsrådgjevar
Anita Hammersland	anita.hammersland@stord.kommune.no	91 16 62 40	Kontaktlærar 10.trinn
Are Søyland	are.soyland@stord.kommune.no	47 27 55 96	Kontaktlærar 10.trinn
Erling Abrahamsen	erling.abrahamsen@stord.kommune.no	45 18 18 81	Kontaktlærar 10.trinn
Kjerstin Playfoot	kjerstin.playfoot@stord.kommune.no	41 10 44 19	Kontaktlærar 10.trinn
Magnar Larsen	magnar.larsen@stord.kommune.no	40 32 84 89	Kontaktlærar 10.trinn
Nora Haukanes	Nora.haukanes@stord.kommune.no	95 03 77 83	Kontaktlærar 10.trinn
Elin Kristin Clausen	Elin.Kristin.Clausen@stord.kommune.no	97 15 70 49	Faglærar 10.trinn
Thomas Kronenes	thomas.kronenes@stord.kommune.no	94 06 49 85	Faglærar 9 og 10.trinn
Kristin Koløy	Kristin.koloy@stord.kommune.no		Sosialrådgjevar Faglærar
Hedda Aas Selle	hedda.aas.selle@stord.kommune.no	45 27 13 17	Faglærar
Trine Haugland	Trine.haugland@stord.kommune.no		Fagarbeidar
Nina H. Baldersheim	Nina.haga.baldersheim@stord.kommune.no		Fagarbeidar
Espen Tveit	Espen.tveit@stord.kommune.no		Assistent
Ann Kristin Hatlevik	Ann.kristin.hatlevik@stord.kommune.no	98 41 39 05	Miljørettleiar

Telefonnummer til skulen

Kontor	Marianne C. Føyen	53 45 44 00	
Rektor	Anneli Stokke Mæhle	53 45 44 01	97 98 68 72
Avdelingsleiar 10.trinn, Assisterande rektor, utdanningsrådgjevar	Joar Ness Valvatna	53 45 44 03	95 72 74 08
Avdelingsleiar 9.trinn	Maren Ulgenes Bore	53 45 44 02	48 99 50 01
Avdelingsleiar 8.trinn	Birte Kaldråstøyl	53 45 44 02	40 21 25 69
Sosialrådgjevar/ spes.ped koordinator	Kristin Koløy	41 21 37 95	

Inndeling av skuledagen

1+2.time	08.20-09.50	Time
	09.50-10.20	Pause 30min
3.time	10.20-11.05	Time
	11.05-11.15	Pause 10 min
4.time	11.15-12.00	Time
	12.00-12.20	Pause 20 min
5.time	12.20-13.05	Time
	13.05-13.15	Pause 10 min
6.time	13.15-14.00	Time



Heimesida

Skulen har eiga nettside, som me vil prøva å halda oppdatert så godt som råd er. Du finn mellom anna informasjon om trinna, skuleruta, lenkjer til permisjonssøknad, kontaktinformasjon til Foreldreutvalet m.m.

Adressa er: <http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/>

Du finn Nordbygdo ungdomsskule på [Facebook](#)

The screenshot shows the official website for Nordbygdo ungdomsskule. At the top, there's a header with the school's name and a menu bar with links like 'Om oss', 'Lærer', 'Undersider', 'Rettigheter og ansvar', 'Helse og velferd', 'Kontaktinformasjon', and 'Logg inn'. Below the header, there's a main content area with a banner image of the school building and students outside. To the right, there's a sidebar with social media links (Facebook, Instagram) and a 'Logg inn' button.

Elevtal

Det er 246 elevar totalt dette skuleåret.

- 8. trinn 81 elevar
- 9. trinn 75 elevar
- 10. trinn 90 elevar.



Sosialrådgjevingstenesta.

Sosialpedagogisk rådgjevar skal gje hjelpe til elevar som har personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som går ut over korleis dei fungerer på skulen. Hjelpa vert gjeven individuelt og i grupper og ved å vurdera og formidla hjelpe til andre hjelpeinstansar i samarbeid med føresette. Dette kan vera PPT, ressursteam, helsesøster, lege, BUP eller andre fagfolk som kan vera aktuelle.

Utdanningsrådgjeving - utdanningsval.

Gjennom faget **utdanningsval** har rådgjevar i samarbeid med kontaktlærarane ansvar for informasjon, refleksjon og bevisstgjering i forhold til vidare utdanning og yrkesval. Opplæringa skal mellom anna gje elevane kompetanse i å ta val og sjå sine interesser i samanheng med mogleikar og

krav i utdanningssystemet og arbeidslivet. Skulen har eit godt samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen, Ytre Sunnhordland Opplæringskontor og bedrifter på Stord.



Skuleåret 2024/2025

Hospitering på vidaregåande skular.

- For 10. trinn i løpet av hausten 2024.
- For 9. trinn i løpet av våren 2025.

Arbeidsutplassering:

- 8. trinn; ein dag på jobb med far, mor eller ein annan vaksen dei kjenner våren 2025.
- 9. trinn ; tre dagar utplassering i yrkeslivet våren 2025.
- 10. trinn; ei veke utplassering i yrkeslivet haust/vinter 2024/25

Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule

Skulehelsetenesta består av helsesjukepleiar og skulelege, og er eit lovpålagt kommunalt tilbod. Skulelege er Kristin Skorpen og skal hovudsakleg驱ra med systemarbeid, men kan også ha konsultasjonar med enkeltelevar/føresette. Skulen har helsesjukepleiar i 40 % stilling. Dersom det er ønskjeleg, kan helsesjukepleiar formidle kontakt med skulelegen.

Skulehelsetenesta arbeider målretta. Dvs. at elevane vert innkalla til helsesjukepleiar på grunnlag av tidlegare funn, eller etter ønskje frå eleven sjølv, føresette eller lærarar. Mange elevar tek kontakt med helsesjukepleiar på eige initiativ. Elevar som treng vidare undersøking eller behandling/oppfølging, vert oftast viste til fastlegen.

Helsesjukepleiar kan gje rettleiing i høve til vekst og utvikling, kosthald, sex og samliv, psykisk helse, samspele foreldre-ungdom m.m. Ho kan også tilby støttesamtaler for dei som har behov for det. Skulehelsetenesta samarbeider med fleire andre instansar, både i og utanfor skulen. Samarbeid om namngjevne elevar skjer etter samtykke frå føresette/evt. eleven. Vi i skulehelsetenesta har teieplikt.



Skulehelsetenesta har nokre faste rutineoppgåver. Av desse kan nemnast:

8.trinn:

Fast 8.klasse samtale med alle elevane som starter i 8.klasse (dei får eiga innkalling til det). Som regel gjennomført innan juleferien.

9.trinn:

Helsesjukepleiar har undervisning i psykisk helse (her er ikkje skulelege med).

Helsesjukepleiar og skulelege har seksualundervisning (iløpet av veke 5-7).

10.trinn:


Boostrix polio vaksine. Ingen undervisning her; begge undervisningene er på 9.trinn.

Helsesjukepleiar held til på helsestasjonen ved Nordbygdo ungdomsskule, og har opningstid for elevar kvar måndag og onsdag, kl.08.30 – 13.00, men kan også kontaktast dei andre dagane.

Helsesjukepleiar kan treffast på tlf.911 035 16. Ta gjerne kontakt!

Vennleg helsing Karoline Epland Føyen, helsesjukepleiar v/Nordbygdo ungdomsskule

Skuleområdet



Skuleområdet har ei naturleg avgrensing mot Hystad skule/Valdeivegen/Ådland nord/granskogen/helsesportløypa. Alle må vera innanfor skuleområdet i skuletida om ikkje anna er bestemt.

Viktige presiseringar

Lærebøker:

Elevane vil i løpet av den første skuleveka få utevert lærebøker i dei ulike faga.
Bøkene er registrert elektronisk gjennom lånesystemet vårt.



Det skal alltid leggast bokbind på alle lærebøkene.

Syklar, el-sykkel og stå-hjuling. Nye reglar

Mange av elevane syklar til skulen. Flott med litt trim. Syklane må setjast på oppstillingsplassane ved skulen og må alltid vera låste. Når elevane er på sykkeltur i skuletida, er det eit krav om å bruka sykkelhjelm.

El-sykkel. Det er berre lov å nytt El-sykkel til og frå skulen. Med el-sykkel forstår ein slik denne er skildra hjå Statens vegvesen. (El-moped eller el-scooter er ikkje tillate). Når skulen skipar til sykkeltur, skal det berre nyttast vanleg trøsykkel.

Pengar og andre verdigjenstandar.

Elevane må passa godt på verdigjenstandar dei måtte ha med seg til skulen. Det kan vera slikt som pengar, kort, mobiltelefon o.l. Ein må aldri la desse liggja igjen på klasserom eller i garderobar. Alle elevane har fått garderobeskap og bokskap der dei bør låsa dette inn. Elevane må sjølv kjøpe hengelås til skapa sine. Mobilane blir låst inne i mobilhotell.



Mobilfri skule:

Nordbygd ungdomsskule er ein mobilfri skule. Dersom elevane vel å ta med mobilen til skulen, skal den leggjast i eit eige mobilskap som blir låst gjennom skuledagen.

Mobilbruk på skulen fører til at mobiltelefonen vert inndregen. Eleven kan henta han etter skuletid same dag. jf. Ordensreglane.



Skade på elevane sine personlege eigendelar:

Det hender stundom at det oppstår skadar på elevane sine personlege ting. Det kan vera skadar på klede, briller, mobil, øyretelefonar, syklar osv. Slike skadar vert ikkje erstatta av skulen. Eleven kan få erstatning dersom skulen i ein gitt situasjon har handla på ein uansvarleg måte. Dette må vurderast i kvart einskildtilfelle.

Hærverk på skulen:

Me er heldigvis lite plaga av hærverk på skulen. Dersom det likevel skulle oppstå skade på bygningar eller utstyr som ein elev har gjort, så har føresette erstatningsansvar for inntil kr. 5000,- for skade som er gjort av deira barn under 18 år jfr. skadeerstatningslova § 1-2. Skulen vil i slike saker vurdera å krevja erstatning.



Informasjon til heimen:

Informasjonsflyten mellom skulen og heimen er svært viktig. Me ynskjer at ein nyttar VISMA i størst mogleg grad i kommunikasjonen. Bytter ein mobilnummer eller e-postadresse er det viktig at ein melder skulen dette slik at informasjonen kjem fram.

VISMA – fråværsregistrering og kommunikasjonssystem

Me ynskjer at skriftleg kommunikasjon skal føregå på Visma. Med Visma Min-Skole-app kan de mellom anna

- Ta i mot og sende meldingar (heim – skule dialog)
- Registrere fråvær
- Sjå karakterar og tilbakemeldingar



Læringsplattform

Skulen nyttar seg av Teams som læringsplattform, utlevering og innlevering av oppgåver og Docendo for timeplan, dag- /vekeoversikt, informasjon om lekser mm. Docendo ligg open for føresette og elevar. Meir informasjon får de på foreldremøte i haust.

Lenke til Docendo finn de på heimesida under trinn.

Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2024-2025



Skulerute skuleåret 2024/2025 for grunnskulane i Stord
kommune

Månad	Dato	Merknadar	Tal skuledagar for elevane
August	12. til 14.8.	Elevfrie dagar / utviklingsdagar	12
	15.8	Første skuledag for elevane	
September			21
Oktober	7. til 11.10.	Haustferie	18
November	4.11	Elevfri dag / utviklingsdag	20
Desember	20.12	Siste skuledag for elevane før jul	15
Januar	2.1	Første skuledag for elevane etter jul	21
	31.1	Elevfri dag / interkommunal utviklingsdag	
Februar	24.2 til 28.2	Vinterferie	15
Mars	21.3	Elevfri dag / utviklingsdag	20
April	14.4 til 21.4	Påskeferie	16
Mai	1.5 til 2.5	Fridagar	18
	29.5	Kristi himmelfartsdag	
	30.5	Elevfri dag	
Juni	9.6	2.pinsedag	14
	20.6	Siste skuledag for elevane før sommaren	
Sum undervisningsdagar			190

Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule

MOT er ein haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom.
MOT sitt mål er å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.
MOT har ein heilsakleg modell for korleis lokalsamfunn kan jobba saman med ungdom. Modellen inneheld program i ungdomsskulen og vidaregåande skule, samt tiltak på ungdom sin fritidsarena. Gjennom øvingar, historier, dialog og rollespel vert ungdom medvitne til å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot.

MOT sin visjon er eit varmare og tryggare oppvekstmiljø.

Verdiar:

- Mot til å leve
- Mot til å bry seg
- Mot til å sei nei

Prinsipp:

- Jobbe i forkant
- Sjá heile mennesket
- Forsterka det positive
- Bruke ansvarlige kulturyggjarar til å inkludera andre

www.mot.no



Nordbygdo er ein MOT- ungdomskule der alle elevane har 12 MOT-økter gjennom tre år. Fleire av desse kjem allereie fyrste halvdel av 8. trinn. Alle elevane blir lytta til og engasjert i desse øktene – ofte kan det vera ein siger i seg sjølv. Allereie før dei startar på Nordbygdo har dei hatt to MOT-økter på barneskulen med ungdommar fra Nordbygdo.

‘Nordbygdokulturen’ og tema på MOT-øktene er veldig like. Omgrep som til dømes ønskeliste, flybensin, Ninni & Stinky, energigivar-/tappar, luft i ballongen og «drittsekken» blir viktige. Spør gjerne ungdommen heime kva desse betyr.

Ung MOTivator (UMO) er nokre ungdommar som hjelper til og er positive kulturyggjarar på skulen. Det krevst litt ekstra av desse og blir valt ut gjennom søknad og samtale med lærar og eventuelt intervju. Ein UMO skal vera ein rollemodell og godt førebilete for andre og skal gjere det lettare for andre elevar på skulen til å sei nei, leve og bry seg. Rett og slett vera med å påverke positivt til å styrke oppvekstmiljøet. Me er og i prøvefasen med å ha enda fleire engasjerte elevar med for å skape enda fleire friminuttsaktivitetar på skulen (NorMOTor).

Ein UMO må gjennom eit skuleringskurs og kan då delta aktivt på besøk på barneskulen i 7. trinn for å gjera overgangen til Nordbygdo enda tryggare og lettare. Det er fleire besøk i barneskulen gjennom året. Ein UMO vil og ha ei viktig rolle på bli-kjent-dag, fyrste skuledag, MOT til å glede dag m.m.

Når ein kjem i 10. trinn blir fokuset for UMO å jobbe aktivt for å styrke eit godt og trygt miljø på skulen (og nærliggande aktivitetar).

Fokuset både for skuleleiing, MOT- coachar, UMO og lærarar er å skape robuste ungdom som vågar å ta rette val for seg sjølve – både nå og seinare i livet.. Det å ha mot til å sei nei, til å bry seg og til å leve er grunnsteinane her.

Det handlar altså ikkje om å vera i MOT noko – det handlar om å ha MOT.

Utekontakten og ungdomskontakten på Stord



Utekontakten og Ungdomskontakten er ei oppsøkande og tilgjengeleg teneste for ungdom og unge vaksne i alderen 13 til 23 år. Tenesta er for alle ungdomar i Stord kommune og nettverket deira.

Du kan ta kontakt med oss når du ynskjer nokon trygge vaksne å prate med, eller om du skulle trenge råd, rettleiing eller hjelp, uansett kva det måtte vere.

Me bidreg også med råd og rettleiing til foreldre/pårørande og samarbeidspartnarar som tek kontakt med oss, og samarbeider med andre som har kontakt med ungdom på Stord.

Ungdomskontakten arbeidar tett opp mot skule i saker der ungdom kan ha vanskar med å gå på skule.

Me arbeidar oppsøkande på ulike arenaer der ungdom er. Blant anna besøker me ungdomsskulane og vidaregåande skule kvar veke. Dette gjer me for å vere ein tilgjengeleg del av hjelpeapparatet for elevane.

Me har drop-in tilbod «Open stove» kvar tysdag kl. 14.00-15.30 og kvar torsdag kl. 15.00-18.00. «Open stove» betyr at du kan komma innom i stova utan avtale, for å spela kort eller biljard, prata om laust og fast, eller berre vera.

Dersom du vil ha råd og tips, kanskje du er bekymra for en venn og lurer på kva du skal gjera? Ring, ta kontakt på sosiale mediar eller stikk innom:

Telefon: 53 49 66 44

Besøksadresse: Hamnegata 22, 5411 Stord

E-postadresse: utekontakten@stord.kommune.no

Nettside: stord.kommune.no/utekontakten

Kontaktpersonar:

Bodil, tlf: 97 55 21 24

Jostein, tlf 47 62 97 37

Bente (Ungdomskontakt), tlf: 99 01 90 23

Mari, tlf 46 47 21 08



Følg oss gjerne på sosiale mediar:

Facebook: Utekontakten Stord, Instagram: Utekontakten_Stord, SnapChat: utekontaktstord

Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule

Generell informasjon

- Elevane vil ved skulestart 8 trinn få utdelt kvar sin PC til skule og heimearbeid. Det er utarbeida ein særskilt avtale om bruken.
- Elevane får eigne brukarnamn, passord og e-postadresser. Me nyttar Office 365 for arbeid og lagring.
- All bruk av data ved skulen vert logga, og kan ved særskilde høve sporast attende til både maskin og brukar.
- Brukarnamn og passord er personleg, og skal ikkje lånast ut til /nyttast av andre.

Tilgang til Internett.

- Skal ikkje nyttast til søking etter, eller nedlasting av materiale eller program som ikkje er i samsvar med skulen sine ønske og etiske normer.
- Skal ikkje nyttast til å leggja ut propagandamateriell for særinteresser.
- Skal ikkje nyttast til aktivitetar som elles stirr imot norsk lov.



Avtale om bruk av datamaskin i Stordskulen

IKT (informasjon, kommunikasjon og teknologi) skal bidra til å skapa motivasjon og tilpassa opplæring for alle elevar slik at læringsutbyttet aukar.

Det meste er lov, men det er ikkje lov å

- Dela brukarnamn og passord med andre
- Bryta seg inn i andre sine kontoar (stele passord)
- Misbruка andre sin identitet eller opptre med falsk identitet
- Bruke urimeleg med systemressursar (særskilt bandbreidde og skrivarar)
- Forstyrra IKT-ressursar og tenester på skulen
- Installera programvare som ikkje ligger i Microsoft store.
- Laste ned, oppbevare, distribuere eller kopiere materiale som bryt med reglar for opphavsrettar eller norske lover og forskrifter
- Laste ned og framvise upassande materiale

Brot på desse reglane vert rekna som brot på skulen sitt ordensreglement. Systemansvarleg kan utan førevarsel sletta materiale som bryt med reglane for IKT-systema ved skulen. Lærar kan inndra maskin dersom det skjer brot på reglane i dette dokumentet.

Bruk av datamaskina

Læraren bestemmer når elevar skal nytta IKT-systema på skulen. Elevane skal lagra data i OneDrive i Office 365. Slik vil ein ha tilgang til arbeidet sitt frå kor som helst. Systemadministrator kan ta stikkprøvar og køyra automatiske søk dersom ein mistenker at reglane er brote. Dersom det vert oppdaga alvorlege brot på reglane, kan eleven mista tilgangen til maskin og IKT-system for kortare eller lengre tid. Kontaktlærar avgjer dette i samarbeid med rektor.

Utlån av datamaskina og kva du må vera merksam på

Kvar enkelt maskin og pc-mappe er skulen sin eigedom. Elevane får låne ei eiga maskin og pc-mappe ut tida eleven går på skule. Maskin, pc-mappe og ladar skal leverast attende når eleven sluttar på skulen. Maskinane skal vera merka med den enkelte elev sitt namn, og skulen har til ei kvar tid oversikt over kven som disponerer maskina.

Elevane skal ikkje:

- prøva å endra maskinvara på noko som helst måte
- klistra på andre merker eller dekorera maskina eller pc-mappa
- bytta maskin elle pc-mappe med andre elevar
- nytte maskina i friminuttet

Skulen kan når som helst ta inn maskina og bytta den med ei anna maskin. Eleven er ansvarleg for å ta vare på eigne dokument ved å lasta dei opp i OneDrive i Office 365.

Heimebruk

Det er meiningsa at elevane skal nytta maskina heime i samband med skulearbeid. Legg merke til følgjande punkt for heimebruk:

- Elevar har lov til å kopla maskina til andre trådlause nettverk (skulen kan ikkje hjelpe med dette). NB! Ein må ha internett-tilgang for å kunne bruke maskina.
- Elevane set maskina til lading heime og tek den med på skulen ferdig lada. NB! Dette punktet er særsviktig, og avgjerande for bruken i skuletida.
- Ladaren vert oppbevart heime og treng ikkje vera med på skulen.
- Føresette er ansvarlege for kva elevane får tilgang til utanfor skuletid.

Skadar og erstatningsansvar

Av og til oppstår det problem med maskinane som ikkje er brukaren sin feil. IKT-ansvarleg på skulen vil hjelpe eleven med desse problema.

Dersom det oppstår problem eller feil, vil skulen ha tilgjengeleg ein reservemaskin. Elevane vil då nytta denne som sin nye maskin.

Dersom maskina vert øydelagd grunna hærverk/ uforsiktigheit kan skulen krevje erstatning.



Reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune – fram til nye skuleregler vert vedtekne i kommunestyret hausten 2024.

Heimel

Forskrift om reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune har heimel i lov 17.07.1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9 A-10 og kommunestyrets vedtak av 26.11.2020.

§ 1 Formål

Reglementet skal bidra til at elevane i grunnskulane i Stord har eit trygt og godt skolemiljø som skaper trivsel, inkludering og gjev eit godt grunnlag for læring.

§ 2 Verkeområde

Reglementet gjeld for grunnskulane i Stord kommune. Reglementet gjeld også grunnskuleopplæring for vaksne så langt det passar.

Reglementet gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seia i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i leirskule og på andre turar i skulen sin regi.

Reglementet gjeld også utanfor skuletida under føresetnad av at elevane si åtferd har tilstrekkeleg tilknyting til skulen, til dømes i situasjonar der elevar krenker kvarandre og det fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

I tillegg til dette reglementet vert kvar einskild skule gjeven mynde til å gje utfyllande reglar for orden og åtferd tilpassa den einskilde skule sitt behov.

Kvar einskild skule kan også fastsetja andre tiltak enn dei som kjem fram i §§ 9-13, innanfor gjeldande lovverk.

§ 3 Spesielt om tilsette sitt ansvar

Opplysningsplikt

Rektorane har saman med kontaktlærarane ansvar for at ordensreglane vert gjort kjent for elevar og foreldre kvart år ved skulestart.

Aktivitetsplikt

Dei tilsette si aktivitetsplikt følgjer av opplæringslova § 9a-4:

«Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt

- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluert

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Aktivitetsplikta er skjerpa dersom ein som arbeider ved skolen, krenker ein elev, jf. opplæringslova § 9A-5.»

§ 4 Elevane sine generelle rettar og plikter

Elevane har rett til:

- eit skolemiljø som gjev elevane tryggleik og sosial tilhøyrslle
- å verta hørt i saker som gjeld eige høve til skulen
- å få forklara seg før det vert tatt avgjerd om sanksjonar

Elevane har plikt til:

- å bidra til eit skolemiljø som gjev tryggleik og sosial tilhøyrslle for alle

I alle saker som vert handsama etter dette reglementet, skal omsynet til eleven sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn.

§ 5 Elevar og foreldre sin rett til å melda frå til Fylkesmannen

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melda saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Jf. opplæringslova § 9A-6, 1. avsnitt.

§ 6 Vurdering av eleven sin orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i dette reglementet og skulen sitt lokale reglement.

For at ein ungdomsskulelev skal gjevast annen karakter enn den beste i orden og åtferd, må det vera gjeve førehandsvarsle i så god tid at eleven har høve til å forbetre karakteren sin - jf. forskrift til opplæringslova § 3-7, 2. og 3. avsnitt:

«Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårvurdering med karakter eller i standpunktakarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast utan ugrunna opphold. Varselet skal (...) gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.»

Også dei siste vekene og dagane av eit skulehalvår har tyding for karaktersetjinga. Det kan derfor vere tilfelle der brot på ordensreglementet kjem på eit så seint tidspunkt og/ eller er av så alvorleg karakter, at eit slikt førehandsvarsle ikkje gjev eleven nokon reell mogelegheit til å forbetra karakteren.

Eleven sin orden og åtferd kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette. Karakterane i orden og åtferd vil som hovudprinsipp verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også setjast ned ved einskildhendingar om det gjeld eit spesielt grovt brot på reglementet.

II ordensreglar

§ 7 Reglar for orden

Eleven skal:

- møta presis til skuletimar og til andre avtalar
- følgja skulen sine reglar for melding av fråvær
- møta førebudd til opplæringa
- gjera arbeid til rett tid og halde fristar
- ha med seg naudsynleg utstyr
- halda orden

§ 8 Reglar for åtferd

Eleven skal visa alminneleg god åtferd, til dømes:

- vera til stades i opplæringa
- handsama alle med respekt, uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m. Dette gjeld både tilsette, medelevar eller andre som elevane møter i skulekvardagen eller på digitale medium.
- bidra til eit godt skolemiljø
- retta seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- ta godt vare på skulen sine eigendelar
- visa nettvert og følgja skulen sine reglar for bruk av datautstyr og digitalt utstyr
- mobiltelefon og smartklokke skal oppbevarast i tråd med skulen sine retningslinjer
- følgje skulens reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr

Åtferd og framferd som ikkje vert akseptert:

- å mobba eller på andre måtar krenka andre
- å ta bilete, filma eller gjera lydopptak av andre utan at det er gjeve samtykke
- å dela bilete, film eller lydopptak av andre utan at det er gjeve samtykke
- å bruka mobiltelefon og smartklokke i skuletida utan at dette er avklart med skulen sine tilsette
- å utøva eller trua med vald
- å gjera hærverk
- å fuska eller forsøkja å fuska
- å ha med, bruka eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- å røyka eller bruka tobakk/snus. Vaksenopplæringa kan i lokalt reglement tillate bruk av røyk, tobakk, snus på nærmare angjeven stad
- å ha med og/eller bruka farlege gjenstandar

III Tiltak som kan brukast ved regelbrot

§ 9 Inndraging av gjenstandar

Ulovlege gjenstandar skal inndragast og overlatast til politiet. Gjenstandar (til dømes mobiltelefonar og smartklokkar) som vert brukt i strid med dette ordensreglementet, eller det lokale ordensreglementet, kan mellombels inndragast. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter dette reglementet, eller det lokale ordensreglementet, ikkje vert akseptert. Dersom skulen inndreg røyk/tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, bør desse gjenstandane leverast til foreldra.

§ 10 Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd

Grunnskulane i Stord kommune vil nytta følgjande tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd:

1. merknad
2. skriftleg åtvaring til elev
3. skriftleg melding til foreldre/føresette
4. pålegg om å utføra oppgåver før eller etter skuletid for å retta opp skadar som eleven er ansvarleg for
5. mellombels eller permanent overføring til ein annan klasse eller basisgruppe
6. bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar, jf. opplæringslova § 9A-11
7. bortvising for resten av dagen, opplæringslova § 9A-11
8. bortvising frå undervisninga for inntil tre dagar på 8.-10. årstrinn, jf. opplæringslova § 9A-11

9. mellombels eller permanent skulebytte, jf. opplæringslova § 9A-12
Fysisk refsing og kollektiv straffing er ikke tillate. Det er ikke høve til å nyta utestenging frå skuletur som tiltak.

Eleven pliktar å retta seg etter tiltaka. Dersom ikke eleven retter seg etter tiltaka, kan nye tiltak iverksetjast.

§ 11 Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåstkamp, hærverk osb.

Tilsette har plikt til å prøva å stansa vald, slåstkamp, hærverk osb. Så sant det er forsvarleg, skal den tilsette straks gripe inn, om naudsynt med mild fysisk makt. Den fysiske makta må ikke ha karakter av straff mot enkeltelev(ar).

§ 12 Melding av straffbare tilhøve

Skulen vil normalt melda straffbare tilhøve til politiet. For mindre alvorlege tilhøve skal skulen gjere ei konkret vurdering av om melding til politiet er formålstenleg.

§ 13 Erstatningsansvar (jf. lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2)

Ved skade eller skadeverk på skulens eigedom eller utstyr kan eleven og/eller eleven sine foreldre/føresette verta haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

IV sakshandsamingsreglar ved tiltak

§ 14 Sakshandsaming ved bruk av tiltak

Ved bruk av tiltak gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

Eleven har rett til å forklara seg munnleg overfor den som skal ta avgjerd. Skulen skal sørja for at eleven får snakka med nokon han/ho stoler på og i ein situasjon som eleven opplever som trygg.

Avgjerd skal grunngjevast (ved avgjerd av særleg betyding skal grunngjevinga gjevast skriftleg).

Før avgjerd om bortvising vert fatta skal skulen ha vurdert om det er mogleg å bruka andre tiltak.

Rektor avgjer om tiltaka i § 10 nr. 4, 5, 7 og 8 skal nyttast. Det er også rektor som set i verk tiltak etter §§12 og 13 på vegner av skulen.

Rektor eller den rektor delegerer myndet til avgjer om tiltaka etter § 10 nr. 1-3 og 6 skal nyttast.

Kommunalsjef eller den kommunalsjefen delegerer myndet til avgjer om tiltak etter § 10 nr. 9 skal nyttast.

I alvorlege saker skal mindreårige sine foreldre/føresette varslast så langt det er mogleg.
Før foreldre/føresette vert varsla, skal eleven ha vorten høyrd i trygge omgjevnadar.
Foreldre/føresette til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen.

Tiltaka i § 10 nr. 7 til 9 er å rekna som enkeltvedtak, og må i tillegg følgja sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

§ 15. Krav til skriftleg notat

Dersom tiltak i § 10 vert iverksett mot ein elev, må skulen laga eit skriftleg notat som dokumentasjon. Det må komma fram kva elev tiltaket er retta mot, kva reaksjon/tiltak som er gjeve, kva ordensregel som er broten, tidspunktet for ordensbrotet, tidspunktet for gjennomføring av tiltaket, korleis eleven har forklart seg, og kva eleven sine foreldre

og/eller andre har uttalt. Notatet skal underteiknast av den som har vedtatt tiltaket, og arkiverast.

Eleven og/eller eleven sine foreldre skal uoppmoda gjevast ein kopi eller verta gjort kjent med retten til dokumentinnsyn.

§ 16 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 01.01.2021

Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule

Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring, Stord kommune, Vestland

§ 1. Formålet med forskrifta

I Norge har barn og unge plikt til grunnskuleopplæring. Ein føresetnad for læring er at elevane deltek i opplæringa. Ferie og andre fritidsaktivitetar skal leggjast i periodar med skulefri. Kva periodar skulen har fri går fram av kommunen si skulerute.

Permisjon er unntak frå plikt til grunnskuleopplæring. Formål med denne forskrifta er å sikra rett og lik handsaming av søknadar om permisjon.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-2, og gjeld kommunale grunnskular i Stord kommune.

Kommunen skal ha eigne retningsliner for handsaming av søknadar om permisjon.

§ 3. Definisjonar og avgrensing

Permisjon er ein rett elev vert gitt til å vera vekke frå den offentlege grunnskuleopplæringa i ein mellombels periode. Fråvær i tråd med innvilga permisjon reknast som dokumentert fråvær (gyldig fråvær).

Det skal ikkje søkast permisjon for fråvær av helsemessige årsaker (t.d. sjukdom, legebesøk, tannlege). Her skal ein følgja kommunen sine rutinar for melding frå føresette/legeerklæring.

§ 4. Permisjon eleven har rett til

Ifølge opplæringslova § 2-2, 5. ledd har ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, rett til permisjon frå skulen dei dagane som trussamfunnet har heilagdagar. Foreldra må sørja for at eleven får tilstrekkeleg opplæring slik at eleven klarer å følgja opplæringa på skulen etter fråværet.

§ 5. Øvrige permisjonar

Skulen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skulen skal gjera ei todelt vurdering. Først skal skulen vurdera om det er forsvarleg å gi eleven permisjon i tråd med søknaden. Om permisjon er forsvarleg, skal skulen vurdera om moglegheit for å gi permisjon skal brukast. Vurdering av barnets beste skal vektleggjast.

Ved vurdering av om permisjon vil vera forsvarleg skal det gjerast ei individuell vurdering og brukast skjøn. Det er forhold som har betydning for eleven si opplæring, skulen skal ta omsyn til i vurderinga. Sentrale moment i vurderinga vil vera:

- Eleven sitt faglege nivå
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida

- Eleven sin fråværshistorikk
- Skulen kan leggja vekt på, og setja som vilkår, at eleven får den opplæringa som skal til for at eleven skal kunna følgja med i opplæringa på skulen etter fråværet.

Ved vurdering av moglegheit for å gi permisjon skal følgjande leggjast til grunn:

Skulen skal berre heilt unntaksvis innvilga permisjon i periodar med gjennomføring av:

- Kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar
- Leirskule
- Heildagsprøvar på ungdomsskulen
- Dagar med førebuingstid til og gjennomføring av munnleg og skriftleg eksamen
- Oppstart av nytt skuleår.

§ 6.Permisjonens varigheit/omfang

Om vilkår i §§ 5 og/eller 6 er oppfylt kan skulen innvilga permisjon frå den pliktige opplæringa i inntil to veker (10 skuledagar) i løpet av eit skuleår.

Unntak frå denne regelen er godkjende behandlingsophald eller behandlingsreiser.

§ 7.Vedtak om permisjon

Føresette må søka om permisjon. Søknad om permisjon skal normalt vera mottatt på skulen ein månad før permisjon skal starta.

Søknad om permisjon vert handsama etter forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak.

Mynde til å fatta vedtak om permisjon er delegert til skulen sin rektor.

Rektor kan delegera til kontaktlærar å innvilga permisjon på inntil 2 dagar.

Avslag på søknad om permisjon skal handsamast av rektor.

§ 8.Klagerett

Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klaga 3 veker frå underretning om vedtak er komme fram til vedkomande part. Etter forvaltningslova § 32 skal klagen sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. Ein eventuell klage sendast skulen. Klagen handsamast av rektor. Om skulen står fast ved vedtaket, skal rektor senda klagen vidare til Statsforvaltaren i Vestland.

§ 9.Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.

[Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring, Stord kommune, Vestland - Lovdata](#)

Permisjonar søker ein til rektor digitalt via Visma, sjå lenkje på heimesida til skulen/Stord kommune.

Gratisprinsippet i grunnskulen

Følgjande lovverk gjeld:

Opplæringslova §2-5.

§ 2-5. Gratis grunnskoleopplæring.

Grunnskoleopplæring skal vere gratis. Kommunen skal ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter knytte til grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald eller andre skoleturar.

Nordbygd ungdomsskule må sjå til at ein oppfyller krava i opplæringslova § 2-5 om rett til gratis grunnskoleopplæring. Ein må i den samanheng sjå til at skulen sikrar at elevane i samband med turar, skidagar o.l. ikkje må betale eigenandel.

Forsikring og erstatningsansvar

Kva tid gjeld den obligatoriske forsikringa for skuleborn?

Etter forskrift til opplæringslova skal den obligatoriske skulebarnsforsikringa gje eleven dekking for ulukkesskade som har skjedd

- På opplæringsstaden i opplæringsstida
- På veg mellom heim og opplæringsstad
- Under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er et ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- Under transport, skuleturar, idrettsdagar, leirskuler og liknande som skulen er ansvarleg for
- Under Operasjon Dagsverk og andre liknande elevaktivitetar, og mellom heimen og den staden kor aktiviteten skal skje

Utgangspunktet er at forsikringa dekker alle aktivitetar som skulen er ansvarleg for. Det inkluderer i utgangspunktet eit kvart arrangement, også sosiale samkomer, som er i skulens regi.

I tillegg omfattas opplæring som skulen gir i heimen når eleven på grunn av sjukdom får opplæringa si der.

Kva reglar gjeld for erstatningsansvar for elevar?

Barn og unges erstatningsansvar er regulert i skadeerstatningslova § 2-1. Etter denne lova er barn og unge erstatningspliktig for skader dei har forårsaka utan aktsemd eller forsettleg. Ved vurderinga av «utan aktsemd» skal ein leggja vekt på barnet/ungdommen sin alder og mogning. Barnet er berre erstatningsansvarleg dersom han eller ho er moden nok til å sjå følgjene av handlingane sine. I dei tilfella barn under 18 år ikkje har pengar til å erstatta skaden, kan foreldra holdas ansvarleg for 5000 kr per skadenvolde handling.

Foreldra kan berre holdas ansvarleg når barnet har opptredd forsettleg eller utan aktsemd, eller dersom foreldra kan lastast for ikkje å hatt godt nok tilsyn.

Skader som ikkje vert dekka via skadeerstatningslova, vert rekna i juridisk teori som "dagleglivets risiko" og må dekkas av eigaren sjølv. For bilar og andre dyre gjenstandar kan eigaren vanlegvis teikne forsikring mot dette. I praksis taper bileigaren gjerne eigenandel og bonus.»



Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid

Nordbygdo ungdomsskule har nokre faste tema på trinna som gjer at elevane nyttar noko av skuledagen på ettermiddag og kveldstid. M.a. gjeld dette «Nett-vett» og «Leger utan grenser» på 8.steget, «Ung på Stord» og «Framtida mi» på 9.trinnet. I samband med desse prosjekta har elevane framføringer og tilskipingar for føresette ut over vanleg skuletid.

Opplæringslova seier ikkje noko direkte om slike tilfelle. Me har bede kommunen om å sjekka kva lovverket seier. Her er uttale frå Info Consensus:

«Når det gjelder undervisning på kveldstid, så er det ingen sentralt gitte retningslinjer, men det er ikke uvanlig at skolene har noen obligatoriske økter på kveldstid som elevene får "avspasere" senere. Det dette kommer i konflikt med elevenes sportsaktiviteter, må de da velge om de vil møte til det obligatoriske kveldsarrangementet eller prioritere trening, og slik sett få fravær fra undervisningen. Dersom foresatte søker eleven fri, så må skolen innvilge eller avslå denne søknaden.

Slik vi ser det, har ikke eleven rett til undervisning på dagtid når de andre elevene avspaserer. Likevel er det nok ikke uvanlig at skolen lar eleven følge en annen klasse alternativt jobber med eget opplegg på et grupperom dersom det er muligheter for dette, men at det nok ikke er en rettighet som eleven kan påberope seg.

Bruk av bilete

Skulen og kommunen har ei heimeside som mellom anna. skal vera eit bindeledd mellom heimen og skulen. Ein del av det som vert vist på sidene er bilete av elevar i leik og arbeid ved skulen. Det vert ikkje skrive namn på elevane knytt til desse biletta, berre årstrinn.

<http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/>

Datatilsynet sine lover og reglar vedkommande .person-identifikasjon gjeld. Personar over 15 år kan sjølv gje tilsegn/reservera seg. Føresette gjer tilsegn/reserverer for personar under 15 år. Dette gjer de på siste side i heftet.

The screenshot shows the homepage of the Nordbygdo ungdomsskule website. At the top, there is a header with the Stord kommune logo, language selection (Norwegian/English), and a search bar. Below the header, the main navigation menu includes links for HEM, TENESTER, BARNEHAGE, SKOLE OG FAMILIE, SKULE OG SPO, NORDBYGDO UNGDOMSSKULE, Om kommunen, Ledig stilling, Kontakt oss, For tilsette, and Tenester a-å. The main content area features a large banner image of the school building and students outdoors. Below the banner, there is a welcome message: "Velkommen til Nordbygdo ungdomsskule. Her går det 253 elevar fordelt på 8. til 10. klasse." To the right of the banner is a sidebar with links for Snarvegar (Facebook), IKT Plan, Undersider, Klasseane, Reglement og skjema, Råd og utval, Helse og velferd, Prøvar og eksamen, Kontaktinformasjon, and Rektor Pål Roseth.



Me bed om at de fyller ut svarskjema på siste sida og returnerer til skulen snarleg.

Nordbygdo ungdomsskule, august 2024

Anneli S. Mæhle

rektor

Svarslepp Nordbygdo ungdomsskule 2024 -2025

Levèr svarslepp til kontaktlærar snarast råd

Kontaktopplysingar

Me ber om at de fyller ut opplysingane nedanfor, slik at me er sikra oppdaterte lister om me treng å ta kontakt med heimen. (Obligatorisk for alle på 8.steget. Berre ved endringar for 9. og 10.steget.)

Etternavn og fornamn mor:	Etternavn og fornamn far:
Adresse:	Adresse:
Telefonnr. Privat/mobil/arbeid	Telefonnr. Privat/mobil/arbeid
E-post:	E-post:
Eleven sitt mobilnr.	

* bur med :

1

1

1

1

Eleven sitt namn

begge foreldra

med mor

med far

delt dagleg omsorg

(annakvar veke)

* Godkjenning ay at eleven kan vera med på biletet på skulen si heimeside (sjå s.23 i hefte)

.....set kryss

Eleven sitt namn

1

1

Ja

Nei

* Eleven sin fastlege er :tlf:.....

* skal delta/skal ikke delta på skulegudstjeneste.

Eleven sitt namn

(Stryk det som ikkie passar)

Elev og førestende er kjend med innhaldet i dette heftet.

Dato

underskrift føresette

underskrift elev

trinn